



DEN NORSKE KYRKJA

Gulen sokneråd

<AdresseSender>>

5966 EIVINDVIK

Tlf:

Faks:

Kyrkjerådet

Eivindvik 12.05.2015

Vår sakshandsamar: Trude Brosvik

Vår ref.: 15/00009-002

Arkivkode: 011

Høring «Veivalg», Gulen sokneråd

Gulen sokneråd handsama høyringsuttalen på «Veivalg for en fremtidig kirkeordning» i sak 13/15.

Soknerådet var fulltallig, og vedtaket var samrøystes. Soknepresten avsto frå å stemme og hadde eigen protokolltilførsel.

Vedtak:

Vi vil først gje tilbakemelding på at det ikkje er greitt at høyringa ikkje er utforma på nynorsk, som er den målforma vi nyttar og som skal vere jamstelt, også i kyrkja.

Høringsspørsmåla:

1 «Bør det gjøres endringer i fordelingen av oppgaver og myndighet mellom lokalt, regionalt og nasjonalt nivå? I så fall hvilke og hvorfor?»

Svar: JA

Brekke sokneråd var i førre høyring skeptisk til prostiet som geografisk storleik for tilsetning av alle i kyrkja. Medan vi var svært klare på at a) det skulle vere ein felles arbeidsgjevar i kyrkja, og b) Bispedømmerådet var for langt unna til å kunne ivareta arbeidsgjevaransvaret for alle i lokalkyrkja.

I mellomtida har regjeringa sett i gang ein omfattande prosess med ambisjon om at dei aller fleste kommunar i landet skal slå seg saman med ein eller fleire nabokommunar og bli større og meir «robuste». Dei nye kommunegrensene bør såleis utgjere dei nye fellestrådsgrensene, og arbeidsgjevaransvaret for tilsette alle bør ligge her. Evt. i eit felles «fellestråd»(evt prostiråd) for fleire kommunar, dersom kommunestorleiken ikkje blir vesentleg endra.

Den lokale kyrkja er avhengig av eit godt og nært samarbeid med politisk styring i kommunen. Vi meiner dagens finansieringsmodell bidreg til at lokalpolitikarane kjenner ansvar og engasjement i forhold til kyrkjeøkonomien i sin kommune. Vi trur også at dette i sum gjer at kyrkja får meir igjen i kroner og øre. Men det krev mykje arbeid og dialog. Allereie slik organiseringa er i dag, vert det meldt om enklare samordning og felles forståing der kyrkja har kontorfellesskap med kommunen, og slik sikrar «dagleg» dialog. Flyttar ein arbeidsgjevaransvaret opp til bispedømmenivå, slik fleirtalet i kyrkjerådet foreslår, vil dialogen bli svært krevjande og vi trur engasjementet blir svekka. Vi er også redd for at det vil bli mindre pengar til kyrkja totalt sett, og at politikarar vil krevje øyremerking, stadige evalueringar av kyrkjeøkonomi og administrasjon, og strengare kuttkrav enn ein ser i dag.

Skal vi lukkast med å være ei landsdekkande folkekyrkje også i framtida, må vi ta vare på og hegne



DEN NORSKE KYRKJA

Gulen sokneråd

om det lokale engasjementet. Jo nærare soknet vi plasserer makt og mynde, jo større trur vi motivasjonen og innsatsviljen vil være.

Kyrkja er i tillegg avhengig av frivillige sin innsats. Samarbeid med frivillige krev at ein er tilstades, også utanom vanleg arbeidstid. Dersom arbeidsgjevaransvaret samla vert flytta til bispedømet, er vi redd for at presset for å kutte når økonomien vert dårleg vil kome først i distrikta, fordi kyrkja til no i stor grad legg folketal til grunn for tildelingar (td. trusopplæring). For vår kommune har vi nett vore inne i ein slik prosess når det gjeld prestenesta, og det gjev ikkje tillit til bispedømet som arbeidsgjevar for alle.

Soknerådet meiner det er viktig for kyrkja at vi står fram som **ei** kyrkje, i lære og i uttrykk. Derfor undra vi oss over Kyrkjemøtet sitt krav om lokale liturgiar og det arbeidet ein skulle legge ned i det, samtidig som liturgiane skal godkjennast sentralt, og ikkje opnar for all lokal tilnærming. Dette opplever vi som «liksom-demokrati» som utmattar og flyttar viktig lokal arbeidskapasitet og merksemd over frå utøvande trus- og diakoniarbeid (for både frivillige og tilsette) til indre prosessar som like gjerne kunne vore bestemt sentralt. I ei ny kyrkjeordning, der ein snakkar om trongare økonomi og endring av strukturar for å effektivisere, så må ein i alle ha ein betre strategi for korleis vi brukar kreftene!

2 «Deler høringsinstansen Kirkerådets vurdering om at dagens finansieringsordning er den beste til å sikre en bred folkekirke?»

Svar: JA

Vi meiner at dagens ordning, der ein stor del av finansieringa kjem frå kommunane, er den modellen som gjev kyrkja mest tilbake i kroner og øre. Denne modellen medverkar til at lokalpolitikarane / lokalsamfunnet kjenner ansvar og eigarskap til lokalkyrkja si drift.

3 «Dersom dagens finansieringsordning for Den norske kirke faller bort, hvilken ordning vil høringsinstansen gå inn for? Begrunn synspunktet.»

Svar:

Vi meiner at ei kombinasjonsløyning vil være det beste. Det offentlege bør som eit minimum ta hovudansvar for finansiering av vedlikehald og drift av bygg. Gravplassane vil heilt klart vere staten/kommunane sitt ansvar.

I valet mellom medlemsavgift og livssynsavgift meiner vi livssynsavgift kravd inn over skattesetelen er det beste.

4 «Hvordan kan kirkestrukturen forenkles for at knappe ressurser kan bli rasjonelt utnyttet?»

Svar:

Med ny organisering tilsvarande nye kommunegrenser vil dagens fellesråd bli redusert. Vi trur dette vil gje ei meir rasjonell drift slik at fleire av kronene kan brukast til det kyrkjelydsbyggjande arbeidet ute i sokna. Det vil likevel vere avgjerande at sokna får ressurs til dagleg leiar. Slik det er i mange mindre sokn/fellesråd no, er det kyrkjevevja som også har den rolla. Det går derfor ikkje å sette likskapsteikn mellom større fellelrådsområde og innsparing i ressursar.

Med større kommunar meiner vi at det ikkje vil være behov for eit folkevalt bispedømmeråd.

Dersom det ikkje vert endring av kommunegrenser, vil kyrkja framleis kunne organisere seg med eit fells råd på prostinivå, som td. kan ha felles arbeidsgjevaransvar.

Vi meiner det bør vurderast andre modellar for utsending til kyrkjemøtet. Ein modell kan være direkteval frå bispedømme. Valkrinsane kan framleis vere bispedøma, eller det kan vere



DEN NORSKE KYRKJA

Gulen sokneråd

samanfallande med valkrinsane til Stortinget. Valordningane må ta omsyn til at ikkje berre folkerike område vert valt inn.

5 «Har høringsinstansen synspunkter på kriteriene for soknestørrelse og sokneinndeling i en fremtidig kirkeordning?»

Svar:

Vi meiner det blir vanskeleg å sette absolutte kriterier for soknestørrelse og inndeling, men at dette må være gjenstand for ei heilskapleg vurdering der mellom anna geografi, tradisjon og folketal tel med.

6 «Bør ordningen med to organer for soknet (menighetsråd og fellesråd) videreføres?»

Svar: JA

Særleg fordi vi meiner fellesrådet (ny og større organisering) skal ha rolla som arbeidsgjevar for alle.

7 Hvis ordningen videreføres: På hvilket nivå bør fellesorgan for flere sokn ligge (kommunenivå eller annet nivå, f.eks. prostinivå eller bispedømmenivå)?

Svar:

Storleiken på fellesrådet bør verte større enn no. Kanskje på prostinivå. Etter at kommunereforma er gjennomført vil vi kunne ta stilling til om fellesrådet framleis kan vere på kommunenivå eller om det bør vere større.

8 «Hvis ordningen videreføres: Bør det gjøres endringer i oppgavefordelingen mellom menighetsråd og fellesråd?»

Svar:

Viss soknet framleis skal ha så sterk stilling som høyringsdokumentet legg opp til, så må det vere «på ordentleg». Kyrkja må slutte å late som soknet er viktigast, og så legge alle større avgjerder og godkjenningar til for eksempel bispedømmet eller Kyrkjemøtet/Kyrkjerådet. Sokna må i sterkare grad ha ansvar for eigne planar.

Fellesrådet bør i ei slik samanheng ha ansvaret for ressursar og samordning i form av tilsette og økonomi for bygg, anlegg og tilsette. Fellesrådet skal ha ein samordningsfunksjon.

9 «Bør all virksomhet i soknet underlegges styrings- og ledelsesansvaret til soknets organer?»

Svar: Vi støttar fleirtalet i Kyrkjerådet si tilråding om at all verksemd i soknet bør inkludrast i styrings- og leiingsansvaret for soknet sine organ, og at det bør etablerast ordningar for dagleg leiing som også inkluderer prestetenesta. Samt at presten kan, men ikkje må, gjevast rolla som dagleg leiar. Men vi er også undrande til manglande konsekvenstenking frå Kyrkjerådet i dette svaret, sett opp mot svaret i td. spm. 16.

Vi meiner at nærleiksprinsippet bør være utgangspunktet: oppgåvene må løysast på lågast mogeleg nivå. Det vil også vere mest effektivt og gje størst samarbeids-effekt. Det er sterke og ulike kulturar som skal samordnast i kyrkja. Tradisjonelt er prestetenesta svært sentral, og legg mange føringar for korleis arbeidet blir organisert. I ei framtidig kyrkje må presten i større grad vere ein lagspelar saman med andre fagstillingar. Med omsyn til rekruttering til **alle** stillingar i kyrkja, må dei tilsette vere trygge på at det ikkje er eit A og B-lag. Vi trur derfor det er strategisk rett av kyrkja å tilsette



DEN NORSKE KYRKJA

Gulen sokneråd

alle i ei ny eining, kall det gjerne prosti-råd. Å legge tilsettingane til bispedømmet vil medføre større vanskar for å få til felles kultur, fordi ein då vil oppfatte det som at ein bygger vidare på at prestane / dei vigsla stillingane er viktigare enn andre.

10 «Hvordan bør daglig ledelse for virksomheten i soknet organiseres?»

Svar: Vi vil at soknepresten skal få være prest, og ikkje bruke tida si på byråkrati. Særleg i ei kyrkje der det er vanskeleg å rekruttere nok prestar. Men vi avviser ikkje at soknepresten kan vere dagleg leiar. Ut frå forsvarleg sakshandsaming og god styreskikk stiller vi spørjeteikn ved at dagleg leiar kan vere medlem i det rådet han/ho skal leie. (Vi veit det er opna for det no, men det er ikkje ei forvaltningsmessig god ordning.) Men kvart sokneråd må ha ressursar til dagleg leiar. (sjå spm 4)

11 «Hvilken rolle bør biskopen ha i en fremtidig kirkeordning?»

Svar:

Biskopen må ha tilsynsansvar med kyrkjelydar og tilsette som i dag, og gjennom tilsynsansvaret må ein gjere biskopen i stand til å utøve dette på ein god måte.

Kommunane er godt kjent med tilsyn. Slik fylkesmannen har tilsyn med kommunane, vil Biskopen, med sin fagstab, kunne ha tilsyn med sokneråda/fellesråda. Dette er eit eksempel på at ein kan ha stor innflytelse, utan arbeidsgjevaransvar.

Vi meiner biskopen ikkje skal ha arbeidsgjevaransvar. Vi trur dette vil være ein god og tenleg ordning for kyrkja og for bisperollen. Slik det fungerer no, verkar det som Biskopen gjennom arbeidsgjevaransvaret for prestane, er med å gjere kyrkja svært prestestyrte. Og at ei arbeidsgruppe sine vurderingar, behov og ressursar i stor grad blir førande for alle andre tilsette. I Gulen har vi vore gjennom prosess med bispedømmet og reduksjon av presteressursen. Prosessen har ikkje vore opplevd som god sett frå sokneråda, og er eigentleg eit argumentet for at bispedømmet ikkje kan ha eit samla arbeidsgjevaransvar.

Biskopen bør ha si fulle merksemd på «ta vare på den apostoliske lære etter Guds ord og vår kirkes bekjennelse, fremme og bevare enheten i Guds kirke og rettlede og oppmuntre bispedømmets menigheter, kirkelig tilsette og øvrige medarbeidere» slik det står i tenesteordninga for biskopar. Vi meiner det er ei mistyding, slik det må kjem fram i lesarinnlegg frå biskopen i Bjørgvin, at han må ha arbeidsgjevaransvaret for å kunne ha tilsyn med, og sanksjonar mot, vigsla medarbeidarar.

12 «Hvilke virkemidler bør biskopen ha for å kunne ivareta tilsynet på en god måte?»

Svar:

-Tilsyn med vigsla tilsette og folkevalde råd. Både som åndeleg leiar, og ut frå legalitetskontroll. Ein sentral rolle i samband med tilsetting av prestar og andre vigsla medarbeidarar. -Ordinasjon av prestar og eventuell oppheving av denne. -Gje bindande pålegg knytt til tilsette si tenesteutøving -Forordna gudstenester. Biskopen må ha ein fagstab som kan gje råd på viktige kyrkjefagområde. - Godkjenningsansvar i samband med lokale planar for diakoni, kyrkjemusikk, trusopplæring og gudstenesteliv, dersom Kyrkjemøtet meiner desse treng godkjennast av ein sentral innstans.

13 «Hvordan bør utpeking av biskoper skje i en fremtidig kirkeordning?»

Svar:

Som i dag



DEN NORSKE KYRKJA

Gulen sokneråd

14 «Bør bispedømmerådet opprettholdes som rådsorgan på bispedømmenivå, og hva skal i så fall være bispedømmerådets rolle i kirkestrukturen?»

Svar: NEI

Med større kommunar meiner vi at det ikkje vil være behov for eit folkevalt bispedømmeråd. Vi meiner det bør vurderast andre modellar for utsending til kyrkjemøtet. (Sjå spm.4)

15 «Hvilke oppgaver bør i så fall legges til bispedømmerådet?»

Svar: INGEN

Vi meiner folkevalt bispedømmeråd bør opphevast.

16 «Bør alle ansatte ha den samme arbeidsgiver og hvilket organ bør dette i så fall være?»

Svar: JA

Arbeidsgjevaransvaret bør ligge på fellerådsnivå (som då er eit større geografisk område enn i dag)

17 «I hvilken grad bør arbeidsgiverfunksjoner fordeles på de ulike organer? (Biskopen regnes i denne sammenheng som et organ).»

Svar: Alle arbeidsgjevarfunksjonar må ligge på fellerådsnivået. Det er ikkje gunstig med ulike arbeidsgjevarar for tilsette som dagleg skal arbeide saman. Det gjev mange uavklarte gråsonar og legg kyrkja open for fleire ressurs- og personkonfliktar enn naudsynt.

18 «I hvilken grad bør det åpnes opp for lokale og regionale variasjoner i organiseringen av arbeidsgiveransvaret?»

Svar: Dette bør ein som hovedregel unngå. Det er store skilnader innanfor kyrkja med omsyn til sokn, enten det er geografi eller folketal. Nokre sokn driv td. barnehage, eller har fleire lokalt tilsette på innsamla midlar. Det er vanskeleg å samle inn midlar til stillingar som ikkje er forankra lokalt. Kanskje kan dette finne si løysing med gode avtalar i botn.

19 «Hvordan bør man på best mulig måte ivareta særpreget til prestatjenesten og andre vigslede tjenester?»

Svar: Dette bør ivaretakast gjennom vedtekne tenesteordningar, prosten, og gjennom biskopen sitt tilsyn. Det kan løysast gjennom fagdagar, konvent og samarbeid slik det vert løyst i dag. Det viktigaste er likevel at det framleis vert td ein prest i alle lokalsamfunn, og at ein ikkje opnar for ordningar der prestane bur sentralt og berre kjem på «besøk» når det er gudstenester og kyrkjelege handlingar. I Gulen har vi opplevd at det er lokalt ein har argumentert for prestatenesta si særstilling, medan bispedømet peikar på soknet sitt ansvar for tenester, og at presten berre er ein tilsett med avgrensa ansvar.

I ei framtidig kyrkje vil truleg særpreget på enkelte tilsette bli endra, fordi vi i større grad vil løyse oppgåvene på tvers av, og i samhandling mellom, profesjonar. Kyrkja vil ikkje vere upåverka av dei endringar som er i arbeidslivet elles, der vi ser at betre utdanning for fleire endrar både leiingsstrukturar og måten å samhandle på.

20 «Har høringsinstansen synspunkter på Kirkemøtets rolle i kirken?»



DEN NORSKE KYRKJA

Gulen sokneråd

Svar:

Kyrkjemøtet kan ha den rollen dei har, men må veljast ut på ein annan måte enn i dag. Kyrkjemøtet må vere meir medviten på at vi skal ha ei landsdekkande folkekyrkje, og at det gjev seg ulike utslag og krev ulike ressursar alt etter kva strukturar og område sokna er i.

21 «Har høringsinstansen synspunkter på hvordan Kirkemøtet skal settes sammen?»

Svar:

Vi meiner det bør vurderast andre modellar for utsending til kyrkjemøtet. Vala må sikre at alle område blir representert, og ikkje berre dei mest folkerike. Valkrinsane kan vere bispedøma eller det kan vere same valkrinsar som til Stortingsvalet. Dersom vi får ein modell med prostiråd, vil kvart prosti kunne vere valkrins. Det bør vere direkteval. I tillegg bør biskopane vere medlemmer og dei tilsette sikrast ei form for representasjon.

22 «Har høringsinstansen synspunkter på Bispemøtets oppgaver og rolle i kirkeordningen, herunder forholdet til Kirkemøtet og Kirkerådet?»

NEI

23 «Har høringsinstansen synspunkter på spørsmålet om ledelse av biskopene?»

Svar: Som i dag

24 «Har høringsinstansen synspunkter på Kirkerådets funksjon og sammensetning?»

Svar: Vi meiner alle bispedømme må være representert i rådet.

25 «Bør ordningen med en egen lærenemnd videreføres, og hvilken funksjon skal en slik nemnd i så fall ha?»

Svar: Ingen innspel

26 «Har høringsinstansen synspunkt på hvordan ansvaret for samisk kirkeliv skal ivaretas i en fremtidig kirkeordning?»

Svar: NEI

27 «Har høringsinstansen synspunkt på hvordan ungdomsdemokratiet og Ungdommens kirkemøte skal ivaretas i en fremtidig kirkeordning?»

Svar: Det bør veljast, evt. utnemnast av sokna, ein ungdom frå kvart fellesrådsområde / prosti til Ungdommens Kirkemøte. Slik det er no, blir det veldig tilfeldig og byane/nærliggande område (ressurssterke område) blir i realiteten prioritert.

Vedtaket var samrøystes.

Protokolltilførsel frå sokneprest Odd Sverre Hove:

Soknepresten vil skrive sin eigen høyringsuttale og vil derfor ikkje delta i avstemminga i soknerådet.



DEN NORSKE KYRKJA

Gulen sokneråd

Venleg helsing

Trude Brosvik
kyrkjeverje